



Dette er husrekka på Eiklandet slik den no framstår i byggesøknaden. (Teiking: Arkitekt Ove Grung, Bergen)

Byggesøknaden for einebustadprosjektet på Eiklandet er no sendt kommunen, opplyser Arild Lillenes i Uskedalen Eigedomsutvikling til Uskedalen.no. Prosjektet går ut på å byggja åtte like bustader ved sida av kvarandre der det gamle trelastlageret låg. Byggestilen har vekt oppsikt i lokalmiljøet då den bryt med det vante. Dei nye husa blir på 100 kvadratmeter og i tillegg kjem takterasse og sportsbod.

Lillenes har sagt til Kvinnheringen at det vil bli byggestart utpå nyåret viss alt går som han har planlagt. Til uskedalen.no seier han at det er vanskeleg å fastsetja noko eksakt tidspunkt for byggestarten.

I fyrste omgang avventar han handsaminga i kommunen. Når resultatet av den føreligg, vil tida vera inne for konkrete beslutningar. Så langt har han ikkje engasjert noko byggjefirma. Det er arkitekt Ove Grung i Bergen som har teikna husrekka.

- Har du fått noe signal frå kommunen om deira syn på prosjektet?

- Nei, det har eg ikkje fått.

- Teikninga av bustadene utløyste ein skarp kommentar frå ein innsendar i Kvinnheringen, kva har du for kommentar til den?

- Eg registrerer at folk engasjerer seg. Nokon annan kommentar har eg ikkje, svarar Lillenes., Han har hatt nokre henvendelsar frå interesserte huskjøparar - både lokale folk og folk frå Austlandet, men har ikkje registrert nokon annan negativ reaksjon på prosjektet enn den i Kvinnheringen.

Der skreiv Knut A. Myklebust om 'margarinkasse-arkitektur'. Han meinte at husa ikkje på nokon måte passar inn ved sjøkanten i ei flott bygd som Uskedalen eller andre stader.

- Dette blir eit av bygda sine ansikt ut mot sjøen, og vil etter mi meining vera sterkt skjemmande for bygda, skreiv Myklebust.

Han oppmoda Uskedalen Utvikling om å engasjere seg i saka.

Av Ola Matti Mathisen